

Oppdaterte priser og betaling barnehage

Maksprisen auka frå 3040kr til 3135kr frå januar 2020.

Pris for barnehageplass er regulert av forskrift om foreldrebetaling i barnehagar. Forskrifta fastset ein maksimalpris som vert fastsett av Stortinget, i deira årlege budsjettvedtak. Kommunen har syskjenmoderasjon og det gjeld kun på sjølve barnehageplassen, ikkje tilleggga.

Plass	Barn nr.1	Barn nr.2	Barn nr.3
100%	3135,-	2194,-	1567,-
80%	2664,-	1864,-	1332,-

Det er foreldrebetaling 11 månadar i året. (Den 12 mnd vert sett på som ferie) vi brukar å ha betalingsfri i juli!

Tillegg

	100%	80%
Matpengar	230,-	184,-
Bleieavtale	60,-	48,-
Klevaskavtale	100,-	80,-

Dette gjeld pr. barn uavhengig av om ein får syskjenmoderasjon. Matpengar kjem i tillegg til barnehageplassen og gjeld alle barna i barnehagen.

Familiar har også høve til å inngå bleieavtale og klevaskavtale av yttertøy i tillegg. Sjå gjeldande tabell.

Frist for betaling er 15. kvar mnd, dersom dette byr på vanskar for nokon, så ta kontakt med meg så gjer vi avtale individuelt. Oppstår det andre vanskar i høve betaling, så ha lav terskel for å ta kontakt, så ordnar vi ein nedbetalingsplan.

Syskjenmoderasjon

Familiar med meir enn eitt barn i barnehagen, får reduksjon i pris for syskjen. Dette vert utrekna automatisk og du treng ikkje søkje. Det er 30 prosent reduksjon for barn nummer to, og 50 prosent reduksjon for barn nummer tre og vidare. Syskjen må bu i same hushald for å få reduksjon i pris. Dersom syskjen har ulike tilbod, vert syskjenmoderasjon gitt til det barnet med minst barnehageplass.

Redusert foreldrebetaling

Denne ordninga går ut på at ingen hushald skal betale meir enn 6 % av samla inntekt, for ein barnehageplass. Du må sjølv søkje på fastsatt skjema, og det skal søkjast til Vanylven kommune og søknader blir handsama ut frå hushaldet si samla inntekt. Inntekt/sjølvmelding må leggst ved søknad, og det må søkjast innan 15 mai for komande barnehageår, dersom de har tatt imot barnehageplass ved opptak. Det kan også søkjast gjennom heile året, med ein månads handsaming av søknad og vedtak gjeldande ut inneverande barnehageår.

Det står meir info om dette på heimesida til Vanylven kommune og der finn ein også søknadsskjema ein skal nytte. Ein får tidlegast innvilga reduksjon frå mnd etter ein leverar søknaden.

<https://www.vanylven.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/barnehagar/prisar-og-betaling/>

Gratis kjernetid

Gratis kjernetid betyr at ein kan få 20 timer gratis opphald i barnehagen i veka for barn med plass som er 3- 4- og 5-år. og barn med utsett skulestart, og som bor i hushald med lav inntekt. Dersom barnet har heil plass må du betale for opphaldet utover dei 20 timane. Du må sjølv søkje på fastsett skjema, og søknadar vert handsama ut frå den samla inntekta til hushaldet.

De finn skjema for «Redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid» på Vanylven kommune sine sider under barnehage. (det er felles søknadsskjema for redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid, der de kryssar ut kva de søker på, for dei fleste vil det vere begge dele ein kan søkje på – sjå lenka over her).

De vil då få vedtak med kommuna etter dei har behandla søknaden og eg vil få kopi av vedtaka, slik at eg får legge inn reduksjonen på giroane.

Med vennleg helsing Marta Bøstrand (08.01.2020)